

Vedtekter for Cato Pletten Minnefond

§ 1. Stiftinga er oppretta av Radøy Idrettslag for ved innsamla pengemidler å heidra minnet etter Cato Pletten

§ 2. Foremålet til stiftinga er å samla inn og forvalta midler som skal nyttast slik:

Av fondet sin avkastning skal styret kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent, busett i Radøy kommune og 17 år eller yngre i tildelingsåret, innanfor dei kulturaktivitetar som er i Radøy kommune. Som talent er i denne samanheng meint både utovar og administratør/leiar innanfor ein kulturaktivitet.

Kvart stipend skal vera på mellom kr. 2.000,- og 5.000,-, alt etter styret sitt skjønn. Dersom prisutviklinga gjer det rimeleg, har styret hove til seinare å auka storleiken på kvart stipend.

Stipendiaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av sin talent. Det skal sendast rapport om korleis stipendet er nytta til fondstyret innan 1 år etter tildelinga.

Styret har ikkje hove til å bruka av fondskapita len ved utdeling av stipend. Den del av fondet sin avkastning som ikkje vert utdelt som stipend, skal ved utgangen av året tilforast fondskapita len.

Regelen i foregåande ledd, gjeld ikkje ved tildeling av stipend i 1993, då styret dette året kan bruka av dei innsamla midlar for utdeling frå fondet.

§ 3. Stiftinga skal ha eit styre på 5 medlemer. Val av styre vert første gang gjort av stiftaren under stiftelsesmotet. Val av styret føl seinare den kommunale valbolken og skal vera gjort innan 31.12. i valåret. Val til styre vert stad festa av Radøy formannskap etter forebringing av styret i Cato Plettens Minnefond.

Ordforarcn i Radøy skal alltid vera leiar i styret for stiftinga. Medlemene elles skal veljast slik:

- I vald av Cato Pletten sin familie
- I vald av Radøy formannskap mellom medlemene i fonnannskapel.
- I vald av kulturstyret (eller tilsvarende organ) i Radøy kommune mellom medlemene i dette styret.
- I vald av styret i Radøy Idrettslag mellom medlemene i Radøy JL.

Dersom nokon av styremedlemene i perioden ikkje lenger kan fungera som styremedlemer ut frå kriterier som ovanfor nemnd, skal den instans som oppnemnde styremedlemet velja nytt styremedlem som får funksjon stid resten av perioden.

Styret konstituerer seg sjølv etter valget og skal m.a. velja rekneskapsførar og revisor.

Styret sine vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Ved likt roystetal har leiaren i styret dobbel roysl. Det må vera minst tre medlemer til stades for at styret skal vera vedtaksfort.

Styret skal fora protokoll fra sine møter.

§ 4. Radøy Idrettslag organiserer innsamling av midlar til Cato Plettens Minnefond og forer rekneskap i samband med innsamlinga. Denne rekneskapen skal reviderast av stiftinga sin revisor.

Innsamling av midlar til fondet vert avslutta 01.07.1993 og grunnkapitalen er den sum som då er innbetalt. Radøy Idrettslag overleverer dei innsamla midlar til fondstyret, som deretter har ansvar for fondet; herunder foring av rekneskap m.v.

Grunnkapital ved avslutta innsamling er kr.98.017,-.

Seinare innbetal ingar til fondet kan leggjast ti 1 grunnkapitalen, dersom gjevaren/gjevarane ynskjer dette.

§ 5. Innan 01. juli 1993 skal styret i CPM kunngjera på hoveleg måte reglane for fondet og oppfordra til innsending av forslag på stipendiatar for 1993. Både organisasjonar og einskildpersonar kan koma med forslag. Frist for innsending av forslag første året er 15. september, og tildeling av stipend skal skje innan 01.desember.

For 1994 og seinare år skal fondstyret fylgja desse fristar: Ut

lysing/kunngjering innan 01.mars.

Frist for innsending av forslag er 01.mai

Tildeling av stipend innan 01.juni I særlege

høve kan fristane fråvikast

§ 6. Stiftinga skal sokja om offemleg stadfesting når vilkåra for dette er til stades, og skal retta seg ener dei pålegg som Fylkesmannen gjev og elles den kontroll som gjeld for offentlege stiftingar.

Styret skal kvart år innan utgangen av mars månad senda rekneskap for fjaråret i revidert stand til Fylkesmannen i Hordaland.

§7. Forovrig gjeld stiftelsesloven av 23. mai 1980 nr. 11, så langt råd er.